



Eitt typisk bilete Chris P. Myklebust tok då han var på besøk i gamlelandet - dette er frå Skjold i Rogaland.

**22. august er det ny museumsdag på Bygdetunet Rød, Uskedalen.
Då vil visamla og stilla ut fotografi av fotograf Kristen P. Myklebust frå Uskedalen.
Han utdanna seg til fotograf og starta "Myklebust Studio" i byen Eagle Grove i Iowa.**

Myklebust kjem til Noreg på fotografiske ekspedisjonar, tek bilete i Noreg og sel dei i USA. Motiva er velkjende,- småbruk med huslyden oppstilt og tunet med løa, våningshuset og tuntreet i bakgrunnen. Vi finnog fotofrå arbeidsliv, farty, handelsplassar og DS kaiar. På turane sine til heimlandet reiste han rundt i Sunnhordland og Hardanger.

Mange av fotografia er panoramabilete og nokre av dei finn vi framleis i bruk.

No spør vi om du vil låna oss bilete til utstillingen på Rød 22. august. I denne omganger det ei registrering. Bileta vert henta inn ei veke før. Det vil sjølvsagt spare oss for mykje arbeid om du kan levera til oss på kulturkontoret (Rådhuset) eller privat i Uskedalen.

Utstillingen vert demontert kring 01. september.

Eg ynskjer svar på:

- 1. Om du har bilete av Myklebust og om du er villig til å låna oss fotografi til utstillingen 22.august**
- 2. Kor mange motiv**
- 3. Kva motiv er det**
- 4. Storleik og format: Innramma eller som postkort**

Ring 915 31487 eller e-post:

kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no

Kristian Bringedal
Kultursjef i Kvinnherad